

# **Informasjon om ny avtalespesialist for auge-pasientar**

Frå 1.april vil augelege Ingunn Støfring starte opp avtalepraksis i Førde sentrum, samlokalisert med augelege Bolstad på Elvetorget.

Det vil vere felles inngang, venterom og hjelpepersonell.

Avtalepraksisen er flytta frå Sogndal til Førde, då Helse Vest etter gjentatte utlysingar ikkje fekk søkarar til Sogndal.

Lokala er utvida, og der er bygd ei operasjonsstove der det på sikt vil bli tilbud om mindre okuloplastiske inngrep.

Det vil vere naturleg at denne praksisen i stor grad tar imot pasientar frå Sogne-regionen, men det er rom for å ta pasientar frå heile fylket.

Ved oppstart av praksis overførast nesten 900 pasientar frå Helse Førde, som allereie har venta lenge på time hos augelege. Det vil dermed fort bli ventelister også her.

Pasientane vil motta eit brev frå Helse Førde om at dei avsluttast der, og overførast til augelege Støfring, samt at dei fortsatt må pårekne noko ventetid.

Ein vil prøve å ta imot ØH-pasientar dersom ein har mulighet. Meir omfattande akutte problemstillingar som vil ha behov for fleire faggrupper (nevrologiske, skader osv) bør fortsatt sendast til sjukehuset.

Kontaktinformasjon:

Epost: [Post@augelegestofring.no](mailto:Post@augelegestofring.no)

Telefon: 57829930, kontortid mand-tors 09.30-13, fred 12-13